


PRØVEFISKERAPPORT LAKJEN 2019


Omtale av vatnet:

- Vatnet er 3,2 km² og ligg 1243 moh.
- Vatnet ligg nedstrøms Nordmannslågen.
- Det renn fleire bekkar og elvar med gytemoglegheiter inn i vatnet.

Omtale av fisket:

- Vatnet vart prøvafiska over to netter med tilsaman 3 stk. W.Jensen prøvegarnserier.
- Vatnet har vore prøvafiska i 1991, 1998 og 2003.
- Samla fangst var 170 aure.
- Største fisk var 1659 g.
- Nær all aure over 26 cm ljos raud/raud i kjøtet.
- Gjennomsnittleg K-faktor 0,99, i 2003 1,03
- Gjennomsnittsvekt 195g, i 2003 233 g
- 27 av 85 hofisk var gyter. Minste ho gytefisk var 20 cm, mens snittlengda på gytehoene var 30,2 cm. I 2003 var 33 av 85 hofisk gyter, der minste var 22 cm. Snittlengda på gytehoene var 32,9 cm i 2003.
- Prosentvis fordeling av fangsten på lengdegrupper:





Garnfiskestatistikk

Konklusjon:

- Prøvefiskeresultat frå 1991 og 1998 er eit lågt grunnlag og kan ikkje leggjast mykje vekt på, dei er difor ikkje teke med i statistikken for prosentvis lengdefordeling.
- Samanlikna med 2003 er snittvekt gått litt ned, dette tyder på god rekruttering i vatnet. Det er ein tendens til fleire år med god rekruttering i høgjellet, truleg ein klimaeffekt.
- Samanlikna med 2003 er kondisjon gått litt ned. Likevel er kondisjonen på auren god og det er ikkje teikn til avtakande kondisjon på den normalt fangbare auren.
- Snittlengda på gytefiskhoene er gått ned frå 32,9 til 30,2 cm. Dette er ein negativ utvikling ein skal vera merksam på og følgja med på.
- Garnfiskestatistikken tyder på ein stabil situasjon der det er fangstinnssatsen som er avgjerande for uttaket. Samstundes er statistikkgrunnlaget noko lågt som gjer at mellomårsvariasjonar i fiskeinnsats kan spela inn på statistikken.
- Med bakgrunn i den gode rekrutteringa det synest å vera til Lakjen, bør fjellstyret følgja med utviklinga i vatnet og vurdere behovet for tynningsfiske og endring av garnfiskereglane. Prøvefiske bør gjenntakast innan 3-4 år.

Eidfjord, 08.10.2019

Gunnar Elnan